



Norges Vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2015/570	6354/2015	SELBERVIK	U43	04.05.2015

FRÅSEGN KONSESJON FOR UTTAK AV GRUNNVATN - VARTDAL FISKEOPPDRETT AS

Syner til konsesjonssøknad frå Vartdal fiskeoppdrett AS til uttak av grunnvatn på inntil 130 l/s.

Det aktuelle arealet er i kommunedelplan for Vartdal regulert til LNF og LNF spreidd utbygging slik det er omtala i konsesjonssøknaden punkt 5.3. I tillegg er det avsett ei kantsone på ca 15 meter langs elva med forbod mot byggje og anleggstiltak.

Arealet er dyrka og vert nytta til grasproduksjon. Om tiltaka vert til hinder for tradisjonell jordbruksdrift må dette handsamast som ein dispensasjon frå kommunedelplanen.

Det er ei kjend problemstilling med tidvis knappheit på vatn på Vartdal. Kommunen er såleis positive til søknaden som kan avlaste behovet knytt til eksisterande vassverk.

Vedlagt følgjer landbruksfagleg fråsegn.

Med helsing


Gunnar Wangen
avdelingsleiar plan og miljø

Magnar Selbervik
Miljøvernrådsgjevar

Vedlegg:
Vartdal fiskeoppdrett AS – landbruksfagleg fråsegn



ØRSTA KOMMUNE

INTERNT NOTAT X – utan oppfølging

Til: Magnar Selbervik

Frå: Børild Skåra

Kopi:

Sak: Vartdal fiskeoppdrett AS - løyve til uttak av grunnvatn til produksjon av settefisk i Vartdal - høyring

Saksnr / arkivkode Løpenr.
2015/570 / U43 6377/2015

Stad
Ørsta

Dato
05.05.2015

Vartdal fiskeoppdrett AS - løyve til uttak av grunnvatn til produksjon av settefisk i Vartdal - landbruksfagleg fråsegn

Vartdal fiskeoppdrett AS søker om å få etablere 4 brønner for uttak av grunnvatn. Dei 4 brønnane er plassert på gnr 106 bnr 1 på Vartdal, og arealet er fulldyrka jord.

Gnr 106 bnr 1 har her ei fulldyrka flate på 4,1 daa. Arealet heng saman med eit større dyrka areal på vestsida av Storelva.

Søknaden inneheld m.a. desse omtalane knytt til landbruk:

Side 40 under "ulemper":	 Grunnvatnet ligg så djupt at det ikkje vil påverke landbruksproduksjon.
Side 42 teknisk plan:	 Prinsipielt kan ein sei at brønnane skal plasserast under terreng og vil vera usynlige. Dersom det vert bestemt at det skal vere overbygg på brønnane vil dette kreva dispensasjon frå kommunedelplan.
Side 43 – 7.5 Landbruk	Området kan driftast som vanleg. Det er ikkje naudsynt med restriksjonar på landbruksdrifta.
Side 44 – fyrste avsnitt	Området er brukt til grasproduksjon. Langs elva kan det stå fiskarar og arealet kan vera nytta til rekreasjon. Tiltaket vil ikkje ha innverknad på desse brukarinteressene. ...
Side 45 – fyrste avsnitt	... Anleggstida bør leggjast til tida etter gras-slått og laksefiske for å hindra potensielle konflikhtar.

Ut frå sitata ovanfor forstår ein det slik at brønnane vert under terreng, og noverande drift av arealet kan halde fram som no. Ein går då ut frå at ein nyttar materiale som toler køyring med landbruksmaskiner dvs betong-/kumluk som toler tung trafikk. Skulle ein endre dette til anlegg over marka så må desse plasserast og utformast slik at dei er minst mogleg til hinder for landbruksdrift.

Med helsing

Børild Skåra
rådgjevar jordbruk